

Klima- og miljødepartementet

Bergen, 04.12.23

Innspel til stortingsmeldingar for klima og naturmangfald

Bergen og Hordaland Turlag (BHT) vart grunnlagt i 1890 og er vestlandets største friluftslivsorganisasjon med nær 30 000 medlemmer. BHT er tilslutta Den Norske Turistforening (DNT) som har over 320 000 medlemmer på nasjonal basis. Turlaget sitt føremål er å tilretteleggja for eit aktivt, allsidig, enkelt og naturvenleg friluftsliv, og for sikring av friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Friluftslivets verdi

Friluftsliv og natur representerer store verdier for enkeltmenneske og samfunn, og BHT vil her kort grunngje kvifor ivaretaking av natur og friluftsliv må vektast høgt, trass i at det endå er vanskeleg å setje klare tal på desse verdiane.

Friluftsliv er ein viktig del av livet til mange menneske: «Heile 97% av alle over 16 år deltok i 2021 på ein friluftslivsaktivitet, og nesten halvparten svarar at dei går på tur i nærmiljøet fleire gonger i veka.»¹ Deltaking i organisert friluftsliv ser også ut til å auke då BHT sin medlemsmasse har gått opp med 50 prosent sidan 2007, og BHT har i dag lokallag i alle kommunar i regionen.

Kva den enkelte får ut av friluftsliv har mange variasjonar, men ein kan legge til grunn at det er knytt til definisjonen av friluftsliv i friluftslivsmeldinga: «opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse».² Den individuelle gleda av å vere i aktivitet og å oppleve naturen er i seg sjølv ein viktig verdi å verne om. I tillegg peikar den refererte stortingsmeldinga på at friluftslivet er ein nøkkel til folkehelse, noko som også er å finna i «Regional plan for kultur» for Vestland fylke:

¹ Regional plan for kultur, s. 35. Tilgjengeleg frå: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/midlertidige-filer---ferdig-plan/230322-regional-plan-for-kultur.pdf>

² St.mld. 18 (2015-2016), s.10

«Friluftslivet spiller ei viktig rolle for å nå dei nasjonale måla om fysisk aktivitet i befolkninga».³ Her er det viktig å merke seg at naturopplevingar er viktig for den psykiske helsa, noko som gjer friluftslivet, med sin kombinasjon av fysisk aktivitet og naturoppleving, spesielt gunstig for folkehelsa. Eit fungerande økosystem med levande skogar, fjell, elvar og vatn er føresetnaden for å skapa gode naturopplevingar.

Naturen gjev velferd

Naturavtalen⁴ legg til grunn av ein skal ta særleg omsyn til lokalsamfunn sin tilknytning og avhengigheit av naturen, og at naturmangfaldet sine mange verdiar skal verte trygga i politiske prosessar. Då er det viktig at Noreg i større grad tek inn over seg konsekvensane av at folk sine naturområde vert bygga ned. Det handlar om rettferdig omstilling til eit berekraftig samfunn.

BHT har i mange tiår jobba aktivt med naturvern. Sett frå vår ståstad har det vore svært skadeleg at naturmangfald og klima lenge vart sett på kvar for seg, og me er glade for at dette no vert sett i samanheng. Dette kan gjera det lettare å sjå heilskapleg på energiforbruk og produksjon, eit felt som både skapar klimaendringar og naturøydeleggingar, og skapa ei samfunnsutvikling som løyser begge utfordringar. Å verte eit lågutsleppssamfunn er ein føresetnad for arbeidet. 100 % berekraftig forvaltning av areala våre er ein føresetnad for arbeidet, og under dette må ein vektlegge velferda som naturen gjev lokalsamfunna i heile Noreg.

I den samanheng meiner BHT det viktigaste grepet me kan gjere for å nå natur- og klimamåla er å iverksetja følgande tilråding frå klimautvalet:

Utvalgets utgangspunkt er at all økonomisk aktivitet må skje innanfor planetens tålegrensar (...), og at all politikk må ha dette som utgangspunkt. Utvalget anbefalar derfor at:

- ***politikken vektlegger velferd mer enn materiell velstand (...)***⁵.

Dette betyr at me må setje det naturgjevne livsgrunnlaget som den overordna premisen for all samfunnsutvikling, særleg for økonomien. Om ein ikkje maktar å legge denne enkle men tunge prioriteringa til grunn, trur ikkje turlaget me vil lukkast i å nå klima- og naturmåla.

Me på vestlandet har i ei årrekke kjend konsekvensane av ei manglande prioritering av naturen – der vekst i materiell velstand er lagt til grunn når ein skal løyse klimautfordringane. Heilt konkret handlar det om at lokalsamfunna på vestlandet har vore pålagt dei tunge byrdene som kjem frå ei massiv utbygging av vasskraft, og ei rekkje store vindkraftverk. Dette har ført med seg tap av artar og naturtypar, og tap av naturområde og landskap som gjev velferd gjennom helse og identitet.

³ Regional plan for kultur, s. 35. Tilgjengeleg frå: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur/midlertidige-filer---ferdig-plan/230322-regional-plan-for-kultur.pdf>

⁴ <https://www.cbd.int/gbf/targets/>

⁵ NOU 2023:25, s 186

Det er ingen hemmelegheit at det enorme trykket på utbygging av ny fornybar energi delvis er drive fram av ynskje om økonomisk vekst. Noreg kan nå sine klimamål utan stor nedbygging av natur, men då må ein prioritera kva økonomisk aktivitet som skal utviklast. NVE påpeiker i deira siste langsiktige kraftmarkedsanalyse at framtidsprognoane byggjer på høg usikkerheit knytt til framtidige prioriteringar av ny industri, og at det er eit stort potensiale for energisparing⁶. Til dømes kan energieffektivisering og utnytting av overskotsvarme i industrien gje vesentlege bidrag til å redusere den framtidige kraftbruken. Denne usikkerheita kan lesast som eit handlingsrom for å nedskalera energibruken og prioritere vern av sårbar natur.

Betre kunnskap om menneske og natur

Det er kanskje opplagt at opphald i naturen – det miljøet me gjennom 100.000 år er genetisk tilpassa – er godt for oss. Men turlaget meiner arbeidet med ny naturmelding må adressere trongen for å auke og bruke kunnskap om mennesket si helse knyt til naturmangfaldet. Turlaget ser gjennomgåande svært låge fagleg nivå på KU for friluftsliv, og for mange undertema er referansar til forskning heilt fråverande. Dette kan truleg tilskrivast mangel på systematisk forskning på ein del felt som omhandlar menneskeleg tilknytning til naturen⁷, og det kan tilskrivast manglande kompetanse hjå utgreiar og bestillar av KU. Me ser forøvrig ei endring, der denne type kunnskap vert produsert og referert⁸, og me håper stortingsmeldingane kan vere med å styrke dette arbeidet. BHT stiller seg sjølvstøtt også bak fellesuttalen til FNF Hordaland, der det vert etterlyst betre kunnskap om sjølve naturmangfaldet.

Styrking av naturens rettsvern

Skal ei prioritering av naturen verte ein realitet, må me også få eit lovheimla grunnlag for å krevje at naturen går føre omsynet til økonomisk aktivitet. Dette handlar om naturens rettsvern og ei klårgjering av inngrep og konsekvensar vi kan og ikkje kan akseptere. Turlaget meiner som DNT, at det er på høg tid at lovverket vert styrka med konkrete skrankar som betre tek i vare naturen og legger naturens premisser til grunn for utbygging og utvikling. Her under meiner vi det er naturleg å sjå på plan- og bygningslova og tilstøytane sektorlovverk, særleg energilova. Vi meiner og det er på sin plass med ei fornybarforskrift for vindkraft på land, solkraft på bakken og hybridanlegg med sakshandsamingsreglar, definerte omsyn til natur,- kultur, og friluftslivsverdiar, inklusiv kriterium for tidleg avslag og konsesjonstildeling. Samt retningslinjer for samordning mellom myndigheiter, sektorlovverk og internasjonale direktiv og konvensjonar.

⁶ NVE, Rapport 25: 2023, s 40-41

⁷ Noko som mellom anna er etterspurd under konferansen *Forskning i friluft (2021)* i regi av Norsk Friluftsliv.

⁸ BHT var mellom anna med å gje innspel på tematikken i ei masteroppgåve ved NMBU: Brekken og Engsæth (2022). *Landbasert vindkraft og menneskers relasjon til landskap*.

Oppsummering

1. Turlaget vil be departementet om å utvikle ein politikk som set naturen og det den gjev oss av velferd framfor utvikling av meir velstand.
2. Kunnskapen må utviklast, og her vil BHT særleg understreke trong for å auke og systematisere kunnskap om dei velferdsgoda (folkehelse, identitet, livskvalitet) som naturen gjev.
3. Naturen treng eit klårare rettsvern som beslutningstakarar kan støtte sine vurderingar og vedtak på.

Med helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag

Elisabeth Skage
Styreleiar
Bergen og Hordaland Turlag

Dag Sandvik
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag